

Høyring av Forskrift om skulefritidsordninga ved barneskulane i Bømlo kommune

Bømlo kommune sender med dette forslag til ny forskrift om skulefritidsordninga ved barneskulane i Bømlo kommune på høyring.

Høyringsfristen er fredag 2. mai 2025.

Me bed om at høyringsuttalar vert sendt elektronisk ved å bruke den digitale løysinga for høyringsuttalar på kommunen sine nettsider under «Send inn høyringssvar».

Høyringsuttalane er offentlege etter offentlegheitsloven.

Alle som ynskjer det, kan senda inn høyringsuttale. Dette gjeld òg privatpersonar.

Ny forskrift vil erstatta gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Bømlo kommune:

Vedtekter og plan for SFO

[https://www.bomlo.kommune.no/\\_f/p1/i7329ce0b-ab78-4dd6-8220-b52a17a34467/oki-plan-vedtekter-og-plan-for-sfo-i-bomlo-kommune-vedteke-i-kommunestyret-20022023.pdf](https://www.bomlo.kommune.no/_f/p1/i7329ce0b-ab78-4dd6-8220-b52a17a34467/oki-plan-vedtekter-og-plan-for-sfo-i-bomlo-kommune-vedteke-i-kommunestyret-20022023.pdf)

Ny forskrift om skulefritidsordninga ved barneskulane i Bømlo er i samsvar med den nye opplæringslova frå 2024:

Oppl.l. § 4-5. Skolefritidsordning

*Kommunen skal ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Kommunen kan krevje at foreldra dekkjer kostnadene til skolefritidsordninga.*

*Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skolefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skolefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.*

*Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor vere leiar. Kommunen kan gjere unntak frå kravet.*

*Kommunen kan nytte private til å drive skolefritidsordninga.*

*Kommunen gir forskrift om skolefritidsordninga. Forskrifta skal ha reglar om*

- a. *eigarforhold*
- b. *kven som er opptaksmyndigheit*
- c. *opptakskriterium*
- d. *opptaksperiode og oppseiing*
- e. *foreldrebetaling*
- f. *leike- og opphaldsareal*
- g. *dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. *personale og leiging.*

*Departementet kan gi forskrift om gratis skolefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.*

Forskrifta vil vera i samsvar med høyringa som regjeringa har sendt ut våren 2025 med høyringsfrist 31. mars 2025: Høring av forslag om å lovfeste en rett til 12 timer gratis skolefritidsordning for elever på 1. til 3. trinn

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-forslag-om-a-lovfeste-en-rett-til-12-timer-gratis-skolefritidsordning-for-elever-pa-1.-til-3.-trinn/id3084318/?expand=horingsbrev>

Forskrifta om skulefritidsordninga ved barneskulane i Bømlo kommune vil bli publisert på Lovdata etter at den er vedteken av kommunestyret.

Publiseringa av forskrifta vil vera i samsvar med krav i den nye Opplæringslova frå 01.08.2024:

*Etter gammel opplæringslov er det gjort unntak fra kunngjøringskravet i Norsk Lovtidend (Lovdata) i forvaltningsloven § 38 for flere lokale forskrifter. Dette unntaket fjernes i den nye opplæringsloven. Det betyr at kommunene og fylkeskommunene skal kunngjøre flere forskrifter i forbindelse med loven som trådte i kraft 1. august 2024.*

*Lokale forskrifter som gjelder fra og med høsten 2024 bør i så stor grad som mulig fastsettes og kunngjøres etter ny lov. Lokale forskrifter etter opplæringsloven av 1998 kan imidlertid fortsatt gjelde.*

*Dersom det er gjort endringer i innhold i forskriften i tråd med ny opplæringslov, må hele forskriften fastsettes og kunngjøres etter ny lov.*

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/lokale-forskrifter-etter-ny-opplaringslov/>